



KPHR-prosjektet

Rapport til styremøte 27.03.2019

Innhold

1	Bakgrunn	2
2	DPS Sjøholt ambulant og døgnsesksjon	2
2.1	Døgnsesksjonen	2
2.2	Ambulant tilbud.....	2
3	Forslag til ny struktur.....	2
3.1	Døgnplassar	2
3.2	Ambulante team.....	3
3.3	Konsekvensar for pasientane	3
3.4	Bemannning før og etter omstilling	4
3.5	Omstilling og nedbemanning av tilsette.....	4
4	ROS analyse	4
5	Økonomi	4
6	Lokal Prosess	5
7	Tidshorisont.....	5
8	Klinikkjefen si oppsummering og tilråding:	6

1 Bakgrunn

Med bakgrunn i styresakene 53/2018 og 7/2019 som er knytt til budsjett 2019, har avdelingsleiinga for DPS Sunnmøre lagt fram forslag om å legge ned døgnposten ved Sjøholt DPS. Avdelingsleiinga har sett som krav at tiltaket skal ha ein kostnadsreduserande effekt svarande til 7 årsverk.

Døgnposten ved DPS Sjøholt er ein del av det totale tilbodet ved avdeling for DPS Sunnmøre. Avdelinga DPS Sunnmøre består av tre seksjonar for døgnpostar, to seksjonar for ambulante team og to seksjonar for vaksen psykiatrisk poliklinikk. To av døgnpostane, Sjøholt og Vegsund, har eigne ambulante allmenn team, knytt til seg.

2 DPS Sjøholt ambulant og døgnseksjon

DPS Sjøholt ambulant og døgnseksjon er ein open institusjon for personar over 18 år. Hovudopptaksområdet er Haram, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven og Ålesund, midtre bydel. DPS Sjøholt har ein døgnpost og eit ambulant almennteam som tilbyr behandling i heimen.

DPS Sjøholt ambulant og døgnseksjon har eit tett samarbeid med kommunale psykiatritenester.

Pasientane blir søkt inn frå fastlegar og kommunale instansar med tilvisingsrett. Alle søknader blir vurdert i et felles inntaksråd med representantar frå døgntilbod, poliklinikk og ambulante tenester. Vidare tar døgnposten mot pasientar som blir overflytta frå sjukehusseksjonane. Dei pasientane som har avtale om brukarstyrt seng, har moglegheit til å melde behov og bruke det tilbodet.

2.1 Døgnseksjonen

Døgnseksjon har 12 døgnplassar. Kjernen i behandlingstilbodet er miljøterapi og aktivitet. Målet er at pasientane skal oppnå betre funksjon; psykisk, sosialt og fysisk. Videre driver døgnseksjonen med utgreiing og behandling både med, og utan medisinar. Døgnposten har et tverrfaglig behandlingsteam som består av mellom anna psykiatriske sjukepleiarar, psykologspesialist og psykiater.

2.2 Ambulant tilbod

Det ambulante allmennteamet gir spesialisert, tverrfagleg utgreiing og behandling i heimen. Dette er ofte i samarbeid med dei kommunale tenestene. Teamet skal hjelpe til med å lette overgangen til dagleglivet heime, kome inn dersom det oppstår ei krise, eller vere med i eit langsiktig behandlings- eller rehabiliteringsopplegg. Det ambulante tilbodet er eit godt supplement i behandlingsforløpet der ein gir helseteneste ut i heimen og i nærmiljøet til våre brukarar.

3 Forslag til ny struktur

3.1 Døgnplassar

Dei ordinære DPS sengeplassane ved Sjøholt blir flytta til seksjon for DPS Vegsund. Dei to AHT plassane ved Sjøholt og Vegsund blir flyttet til seksjon for Utgreiing og Behandling ved avdeling for sjukehuspsykiatri Sunnmøre.

Etter nedlegging av døgnposten ved Sjøholt aukar ein tal senger ved Vegsund DPS frå 15 til 20. Sjøholt hadde ein beleggspersent på 62% i 2018 og Vegsund på 76%. Etter omlegginga planlegg ein med 85% belegg i sengene. Dette svarar til ein bruk av 17 sengeplassar i snitt.

Ved å auke tal sengeplassar på Vegsund, vil ein kunne ha moglegheit til ein betre differensiering av pasientgruppene. Dette vil gjere det mogleg å opprette to team ved døgnposten Vegsund om ein meiner det er hensiktsmessig. Vidare vil ei samanslåing av dei to døgnpostane føre til at fleire fagfolk vil bli samla under same seksjon, noko som samla sett vil gi eit større og breiare fagmiljø både innan pleie- og behandlargruppa.

Fagmiljøet og leiinga er einig om at dei to AHT sengene bør være lokalisert ved seksjon for Utgreiing og Behandling ved sjukehuset. Denne plasseringa gir; nærheit til vaktordning 24/7/365, nærleik til somatikk og nærleik til akutteamet. Dette gir samla sett eit betre pasienttilbod. Personalet ved seksjonen har god kompetanse og erfaring med stabilisering av pasientar i akuttfasen. Ei ønska utvikling fram i tid er at pasientar, som har behov for akutt innlegging i større grad, kan leggest direkte inn på seksjon for Utgreiing og Behandling. Då vil ein kunne unngå unødvendige innleggingar på lukka post. Ein vil og kunne gi eit betre tilpassa tilbod ved Ø-hjelp, samt avlaste akutt seksjonen på Sunnmøre.

3.2 Ambulante team.

Ein vil styrke det ambulante teamet på Sjøholt med 5-6 stillingar. Ved å gjennomføre meir utgreiing og behandling i heimemiljøet, styrke for- og ettervern for våre brukarar, vil ein redusere behovet for både opne og lukka døgnplassar på Sunnmøre. Ein vil skåne våre brukarar for unødvendige sjukehusinnleggingar.

Dei ambulante tenestene ved DPS Sunnmøre er lengst fremme i Norge innan fagfeltet. Tilbodet får svært gode tilbakemeldingar både frå brukarar og samarbeidspartnarar i sjukehuset og i kommunane. Fagmiljøet og leiinga ved psykiatrien på Sunnmøre er einig om at vidare satsing på ambulante tilbod for dei brukarane som kan nytte seg av det, er rett. Dette vil bidra til at vi gir våre pasientar et riktig tilbod på rett nivå. Både i et utgreiings- og behandlingsspektiv er det verdifullt å kartlegge og arbeide med brukaren sine eigne ressursar i samspel med dei omgivnadene ein er ein del av. Dette er i tråd med nasjonale og internasjonale føringar om at vi i større grad skal flytte helsetenestene heim til våre brukarar. Det svarar og ut forventningane om at vi skal endre tenestetilbodet frå sjukehuspsykiatri mot tilbod i distriktpsykiatriske senter (DPS).

3.3 Konsekvensar for pasientane

Pasientar som har behov for sengebasert tilbod i klinikk for psykisk helse og rus skal få det etter omlegginga og. I tillegg vil fleire pasientar kunne få eit ambulant eller polikliniske tilbod.

3.4 Bemanning før og etter omstilling

Døgnposten ved Sjøholt DPS har pr. dags dato 20 årsverk. 16,5 årsverk er knytt til drift av døgnturnus og 3,5 årsverk behandlargruppa. Døgnposten ved Vegsund vil ha behov for 4-5 årsverk til styrking av sin døgnturnus, samt ein behandlar/spesialist (psykolog/lege) når ein tar over pasientane med behov for døgnplassar frå Sjøholt.

Det ambulante allmennteamet på Sjøholt består i dag av 8 årsverk, og en vil i styrke det med 5-6 stillingar til 13-14 årsverk.

Det er ikkje pr no avklart at det skal tilførast ressursar til seksjon for Utgreiing Behandling i samband med at AHT plassane skal overflyttast dit. Vidare har poliklinikken både i Ålesund og Volda kapasitetsproblem som må handterast.

3.5 Omstilling og nedbemanning av tilsette

Det er nedsett ei arbeidsgruppe i prosjektet som består av leiarar ved Sjøholt og Vegsund, samt en representant frå HR. Arbeidsgruppa har ansvaret for den praktiske gjennomføringa av omstillingsprosessen.

Arbeidsgruppa rapporterer til styringsgruppa som er samansett av representantar frå leiing, tillitsvalde og verneteneste, brukarar og kommunane.

4 ROS analyse

6. februar vart det gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse ved Sjøholt DPS med brei deltaking. Dette var kommunale representantar, brukarrepresentantar, tillitsvalde og brei deltaking av tilsette/fagpersonar frå dei berørte tilboda i klinikken. Sjølv ROSanalysen ligg ved saka. Hovudfunna er svart ut gjennom dei kompenserande tiltaka som vil bli iverksett.

5 Økonomi

Det er i saka fremma eit forslag om å leggje ned døgnposten ved DPS Sjøholt. Institusjonen har i 2019 eit brutto driftsbudsjett på 27,1 mill. kroner. I tillegg kjem administrative kostnader (IKT, lønn, rekneskap, HR mv.) og kostnader knytt til drifta av bygget (energikostnader, forsikringar, kommunale avgifter, mv).

Drifta er hovudsakeleg finansiert gjennom basisramme (26 mill. kroner) og i liten grad gjennom aktivitetsfinansierte og andre inntekter (1,1 mill. kroner). Døgnavtativitet innanfor psykisk helsevern er ikkje godkjent for refusjon gjennom ISF-ordninga. En mottar soleis ikkje aktivitetsbaserte inntekter knytt til pasientbehandligna utanom ambulant poliklinikk og eigenandeler.

Som beskrive i punkt om bemanning før og etter omstilling, er det føreset ein netto reduksjon av 7 stillingar, samanlikna med døgndrifta i dag ved Sjøholt DPS. I utrekningane er det teke høgde for nedlegging av døgnposten ved Sjøholt DPS, samtidig som det er lagt inn kostnader knytt til kompenserande tiltak ved å tilføre stillingar til Vegsund DPS, ambulant team og anna

drift innanfor psykisk helsevern . Det er vidare lagt til grunn reduksjon i ein døgnturnus. Totalt er det berekna reduserte lønnskostnader tilsvarande 5,3 mill. kroner i 2020. I tillegg kjem kostnader knytt til drift av bygg som er berekna til 1,2 mill. kroner eksklusiv kapitalkostnader. Ved nedlegging av døgndrift ved Sjøholt er det føresett ein reduksjon av 50 % av desse kostnadene. Det er ikkje berekna innsparing knytt til vare- og driftskostnader til pasientar og tilsette, da det framleis vil oppstå kostnader knytt til pasientbehandlinga.

Styrking av ambulant verksemd og poliklinikk gjev auka inntekter, i hovudsak gjennom innsatsstyrt finansiering (ISF). Inntektsauka er anslått å vere 0,65 mill. kroner i 2020. Dersom poliklinikken blir ytterlegare styrka kan det vere potensiale for ytterlegare auke i inntektene.

Samla økonomisk effekt ved foreslått omstilling er på 6,55 mill. kroner i 2020 (heilårseffekt) og omlag 2 mill. kroner i 2019 med forventa omstilling frå 1. september.

6 Lokal Prosess

- Styrevedtak 4. desember
- Informasjonsmøte Sjøholt og Veggund 4.januar
- Møte med omkringliggande kommuner 7. januar
- Samarbeidsråd DPS S 8.januar
- Samarbeidsråd klinikk 9.januar
- Møte med tilsette sine representantar, leiing og Sylvi Listhaug, 21.januar
- Møte med tilsette sine representantar, leiing og Kjersti Toppe, 23. januar
- Møte mellom leiing og dei tilsette ved Sjøholt 25.januar
- Samarbeidsråd klinikk 4.februar
- ROS analyse 6.februar
- Publisering av resultata frå ROS analysen 12. februar
- Dialog i Sunnmøre Regionråd 15.februar
- Samarbeidsråd DPS S 18.februar
- Løypemelding i styret 20. februar
- Etablering og møte i styringsgruppe 5. mars. Innstilling framtidig struktur og planlegging av omstillingsprosess for dei tilsette.

7 Tidshorisont

Døgnposten ved Sjøholt er planlagt stengt 1.september. Dette er sett i samanheng med planlagt rulling av stengingsperiodar ved døgnpastane DPS Sunnmøre.

8 Klinikksjefen si oppsummering og tilråding:

Med bakgrunn i styresakene 53/2018 og 7/2019 vedr budsjett 2019, har avdelingsleiinga for DPS Sunnmøre lagt fram forslag om å legge ned døgnseksjonen ved Sjøholt DPS.

Det er køyrt ein brei prosess for sikre medverknad både når det gjeld berørte kommuner og tilsette. ROS analyse vart gjennomført 6. februar og rapporten ligg ved styresaka.

Fagmiljøet og leiinga ved psykiatrien på Sunnmøre er einige om at vidare satsing på ambulante tilbod for dei brukarane som kan nytte seg av det, er rett. Dette vil bidra til at vi gir fleire pasientar eit tilbod på lavast mogleg nivå. Det svarar ut forventningane i styringsdokument over fleire år om flyttinga av tenestetilbod frå sjukehuspsykiatri mot tilbod innan DPS og frå døgn til dag og mot polikliniske tilbod.

I planen er som er lagt, flytter ein sengene ved Sjøholt DPS til Vegsund DPS og til Utgreiing og behandling ved Ålesund sjukehus. Samtidig aukar ein beleggsprosenten ved Vegsund DPS. Dette er med på å kompensere for nedtak av senger. Vi styrker og det ambulante tilbodet, slik at fleire pasientar kan få eit tilbod i sin eigen bustad.

Samla økonomisk effekt ved foreslått omstilling er på 6,55 mill. kroner i 2020 (heilårseffekt) og omlag 2 mill. kroner i 2019 med forventa omstilling frå 1. september.

Ut frå eit heilheitsperspektiv, vurderer leiinga ved Avdeling for Distriktpsikiatriske senter, Sunnmøre og klinikksjef i Klinikk for psykisk helse og rus at det er forsvarleg å legge ned sengeposten og flytte senger til andre seksjonar. Dette må sjåast i samanheng med dei kompensierende tiltaka som er lagt fram over.